

Eitt sekund om gongen

Eg flyktar. Det er ingen som kan redde meg. Mamma er død. Pappa er død. Veslebroren min er død. Alle er døde.

Eg må komme meg bort herfrå. Eg er ikkje redd for smitten. Om eg er smitta, skal eg også døy snart. Men eg føler meg frisk.

Eg klarte ikkje å hjelpe dei. Det er forferdeleg å tenkje på at eg lét dei liggje att i sengene sine, men kva skulle eg ha gjort?



Eg hadde ikkje orka å bere dei, og eg har ikkje spade til å grave dei ned med.

Eg gav dei smertestillande, men det hjelpte ikkje. Eg sprang til dei med vatn, men sprang ikkje fort nok. Veslebroren min, Ludvig, såg på meg med runde augo. Han sveitta. Han heldt handa mi mot kinna sine. Dei heldt på å brenne opp. Han bad meg om å bli, men eg måtte rive meg laus.

Eg googla alt eg kunne finne om feber. Men eg fann ingenting. Alt gjekk så fort. Kanskje eg ville skjønt meir om eg hadde visst at det ikkje berre var heime hos meg det skjedde. Eg fekk faktisk ein SMS av bestevenninna mi, Lydia. *Shit, eg har kjempehøg feber. Det kjennest som om eg skal døøøy.* Akkurat det stod det. Døy med tre ø-ar. Tenk at det skal vere det siste eg nokon gong får høyre frå henne.

Eg prøvde å ringje naudnummeret, men fekk berre oppteke-signal. Så blei det heilt stille. Og så forsvann straumen.

Eg spring ned trappene. Ute på gata låser eg opp sykkelen. Eg sykklar, og ser ein velta sykkel og eit lik. Hovudet ligg ved kanten av sykkelstien. Ho hadde både hjelm og refleks, men det hjelpte ikkje mot febereren. Eg ser ei bøtte og ein spade på leikeplassen. Kanskje er det Ludvig som har gløymt dei der. Ingen skal grave med den spaden igjen.

Forenkla med løyve frå Sofia Nordin



Oppgåver:

Sjå elevbok 7A side 91.

Gjer oppgåvene 1–3.